



# Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling

Hordaland Fylkeskommune

- 6 JAN 2014

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Attn: Guro Klyve

Saksbehandlar  
Torill Slåke

Tlf. direkte innval  
53483264

Vår ref.  
2013/1984-7

Dato  
03.01.2014

## Delingsløyve Delegert vedtak

<b>Eigar / søkjar:</b>	Hordaland fylkeskommune
<b>Deling frå gnr/bnr:</b>	185/2
<b>Frådelt parsell skal nyttast til:</b>	Nausttomt
<b>Kjøpar av parsellen:</b>	-
<b>Delegert saksnr:</b>	2014/5

### Vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningslova §20-1. m vert søknad journalført 05.07.2013 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent med delegert saksnr.: 2014/5**

### Vilkår:

- 1. Det kan berre tillast bygging på eksisterande murar, og naustet må vera eit tradisjonelt grindverksnaust, med gode proporsjonar.**
- 2. Det må vera gangveg fram til naustet. Eigar må sikra tinglyst parkeringsplass ved båthamna.**
- 3. Naustet må ha gode visuelle kvalitetar og vera godt tilpassa omgjevnadane. Det er særskild viktig å ivareta kvalitetane i natur/kulturmiljøet på staden, jf. 29-2. Dette vil det bli lagt vekt på i byggesakshandsaminga etter pbl § 20-1.**
- 4. Dersom ein skal tilknyttast vatn og kloakk i naustet, må dette søkjast om særskilt.**

### **Når vilkåra er innfridde kan det haldast kart og delingsforretning.**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve, og endringa må vera godkjent før det kan haldast delingsforretning.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova og pbl §1-9. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om dette vedtaket.

### **Grunnlag for løyvet**

**Arealstatus:** Det er gitt dispensasjon m/ vilkår i Forvaltningskomiteen 06.11.2013 saknr 2013/144.

**Nabovarsel:** Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre protestar.

**Tilkomst:** jmf. Pbl § 27-4 – sjå vilkår nr.2

**Avløp:** jmf. Pbl §27-2 – sjå vilkår nr. 4

**Vassforsyning:** jmf. Pbl §27-1 – sjå vilkår nr. 4

**Merknader:**

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar innan ein – 1- måned. Vedlagt følgjer fakturagrunnlag.
- Alle lovtilvisingar i denne godkjenninga kan finnast under internettportalen: [www.dibk.no](http://www.dibk.no)

For rådmannen i Kvinnherad



Torill Slåke

Sakshandsamar

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen